

Alver Kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/4397 - 22/59403

Saksbehandlar:  
Josep Gayrbekov  
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:  
08.08.2022

## Løyve til oppføring av anlegg/Va-ledning - gbnr 103/48 Fjellanger

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 825/22**  
**Tiltakshavar:** Alver Kommune  
**Ansvarleg søkjar:** Norconsult As  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK

Det vert gjeve løyve for etablering av vassleidning på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 2021-11 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.  
**For tiltak i gyteområde:**
2. Tiltaket skal ikkje gjennomførast i gyteperioden som er frå slutten av januar til byrjing av mai.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av ein ca. 6,5 km lang vassleidning frå Vågseidet til Syslakvågen. Hensikten er å etablere ny industrvassforsyning til Mongstad.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.05.2022

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 25.05.2022 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som bruk og vern av sjø, gyteområde og småbåthamn.

## **Dispensasjon**

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

## **Uttale frå anna styresmakt**

Søkjer har lagt ved kopi av vedtak frå Statsforvaltaren i Vestland datert 17.01.2021 kor det vert gjeve dispensasjon frå verneforskrifta for Lurefjorden og Lindosåsane på vilkår.

Søkjer har og lagt ved kopi av tillatels etter hamne- og farvasslova frå Bergen Hamn datert 24.08.2021.

Bergen Hamn sendte søknaden på høyring til Fiskeridirektoratet som kom med slik uttale:

**Vi viser til brev datert 08.06.2021 fra Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS der det bes om forhåndsuttale til søknad om å legge ut vannledning mellom Vågseidet og Syslokvågen i Alver kommune.  
Vi beklager at vårt svar kommer sent.**

**Det er registrert gytefelt torsk i sjøområdet og for ikke å uroe fisken i gytetiden, anbefaler vi at arbeid med utlegging utføres utenfor gytetiden som varer fra slutten av januar til begynnelsen av mai. Vi forutsetter at ledningen legges ut kontrollert slik at den blir liggende stabilt langs sjøbunn uten heng som kan medføre risiko for at fiskeredskap får hefte. Avrundede spikker med innfelte bolter. Utover dette har vi ingen merknader til søknad.**

Mvh  
Ola Midttun  
seniorrådgiver  
Fiskeridirektoratet region Vest  
Tlf 468 88 567

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt utover dette.

## **Nabovarsel**

Tiltaket er ikkje nabovarsla. Ansvarleg søker har søkt om fritak frå nabovarsling.

## **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 2022-11.

## **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

## **Tekniske krav**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

## **VURDERING**

### **Arealføremål bruk og vern av sjø, GP og Småbåthamn**

Arealføremål bruk og vern av sjø er ikkje til hinder for naudsynt utlegging av sjøleidningar for vatn jf. KP § 5.2. Det same gjeld arealføremål GP og Småbåthamn som er underføremål til bruk og vern av sjø. For GP er det eit tilleggskrav om at tiltak ikkje skal hindra gytesuksess. Tiltaket vurderast derimot ikkje å være problematisk i førehald til dette så lenge arbeidet utførast i samsvar med Fiskeridirektoratets anbefalingar.


## **Omsyn landskap**

Delar av tiltaket ligg innanfor omsyn landskap H\_550\_oLS3, kor områder med landskap skal

beskyttast. Etter kommunen si vurdering hamner ikkje tiltaket i sjø i konflikt med dette omsynet.

#### **RP Spjeldneset del av gbnr 87 bnr 1**

På eit punkt kryssar tiltaket eit regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Spjeldneset Del av gnr 87 bnr 1 1263-197701 er definert som veg.



Kommunen vurderer at tiltaket ikkje kolliderer med reguleringsplanen da planen regulerer brua og tiltaket leggjast i sjø.

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

#### **Nabovarsel**

Ansvarleg søker har søkt om fritak frå nabovarsling. Kommunen vurderer at arbeidet i liten grad røyrar interessene til naboar og gjenbuarar og at varsel etter pbl. § 21-3(1) kan unnlatast.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

#### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg sokjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styremakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommun vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunnleggjast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føreseggnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

### **Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/4397**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Søknad om tillatelse til tiltak - legging av kabel i sjø - gbnr 103/48 m fl Fjellanger

**Vedlegg:**

Vedlegg 01 - Søknad om løyve til tiltak - gbnr 103/48 m fl Fjellanger

Vedlegg D - kart

Vedlegg I - Brev frå Statsforvaltaren og Bergen Havn

**Mottakarar:**

Alver Kommune  
Norconsult As

Postboks 4            5906  
Postboks 626        1303

FREKHAUG  
SANDVIKA